

Oppheim

I bakkeballen ovanfor Oppheim kyrkje ligg den gamle prestegarden på OPPHEIM. Ruslar du opp vegen frå kyrkja, kjem du opp i eit tun med spor etter mellomalderens byggjemåte og bustadform.



Oppheim gamle prestegard.
Bilete frå 1990.

LIVET I RØYKSTOVENE

Røykstova – bustaden gjennom tusen år – har ein open eldstad der røyken kjem fritt ut i rommet og går ut gjennom ein ljore i mønet. I gammal tid hadde dei fleste av desse stovene ein åre midt på golvet, medan andre hadde røykonn i eine hjørnet som eldstad.


Røykstova var det einaste huset som vart oppvarma på garden om vinteren. I årestova sat folk kring den opne elden, som vart nytta til lys, til oppvarming og til å koka mat. Her benka dei seg rundt langbordet ved måltida. I gammal tid sov folk på moldbenker langs veggene. Det var breie benker som var fylte med tørr mold eller sand.

Til å hengja kjelen over åren nytta dei ein «galge» som var festa til vegg; ei såkalla sveiv eller gøye. I andre stover hadde dei ein fast stokk over åren, ein randås, til same bruk. På åren hadde dei eld det meste av døgeret, medan røykonn vart fyrst opp kvar kveld og morgon og fungerte som eit varmemagasin.



Interior frå røykstove på Gjukastein.
Eldre bilete.

Innhusa på Oppheim ligg i ei lang, samanhengjande rekkje; skykkje, eldhus, stove og bu med loft. Mellom eldhuset og stova er det ein gang, og langs framsida har det vore ein delvis open svalgang. Den funksjonsdelte forma vi møter i dette anlegget, samsvarar nokså nøye med andre samanbygde langhus ute mot kysten, i lyngheilandskapet (①302, ①317). Høgst sannsynleg er det mellomalderens byggjeskikk som stig fram for oss her. □



SKIFERDRIFTA PÅ VOSS

Frå E16 ved Lønavatnet, mellom Vossevangen og Tvinne, ser vi svære dungar av grus og stein oppe i lia på andre sida av dalføret. Det er avfall frå hellebrota ved NORHEIM og KYTE. Liknande dungar er det også ved MØNSHAUGEN, ved foten av Lønahorgi og andre stader. Desse grushaugane viser noko av omfanget drifta på Voss hadde i si tid, då opptil 500 mann var sysselsette i hellebrota. Vossaskiferen vart seld over heile landet og eksportert til utlandet.

Ordet skifer er lånt frå tysk og tyder stein som kan kløyvast i tunne flak. Grunnlaget for helledrifta på Voss er ein kvartsskifer som finst mange stader i bygda, men som skifter noko i farge og kvalitet.

Truleg var det mot slutten av 1700-talet dei har byrja med å kløyva takheller av berg og store steinar. Dei bruka då som regel hellene med uregelrett form, slik som dei fann dei. På 1800-talet tok dei til å skanta skiferen til store rektangulære heller, som kunne vera 2-3 m i firkant. Slike rasteheller, som dei vart kalla, kan ein enno sjå på gamle lør i bygda. I 1860-åra kom først rutehellene, med diagonale linjer på taket, og dei ovale lapphellene, som seinare vart dominerande. Det er desse som gjekk under namnet «Vosseskifer».

Berggrunnen er delt mellom mange grunneigarar, og teigane vert såleis små. Den vanlege driftsforma var at grunneigaren leigde bort eit avgrensa stykke av berget, ein såkalla benk, til ein benkedrivar, mot å få ein viss prosent av salssummen for skiferen som vart utdriven. Benkedrivaren leigde med seg folk for eiga rekning, heldt reiskap og stod ansvarleg for drifta.

Enno driv nokre på gamlemåten, på ein liten hellebenk.



Helledrift på Nordheimsberget. Før 1898.